



Arbeidsledige i Nordhordland i 31.12.2017 – kjelde NAV




Arbeidsledigheten har i 2017 gått ned, med ein liten auke på slutten av året.

I Nordhordland er den no på 2,4 %, same som for landet totalt.

Nordhordland har også lågare arbeidsledighet enn gjennomsnittet for Hordaland, der ledigheten er på 2,7 %.




Heilt ledige i Nordhordland er 556 stk ved utgangen av året 2017. Det er ein reduksjon dette året med 218 stk, ned 28%. I landet totalt er reduksjon på 17 % og for Hordaland 20 %.



Gulen og Masfjorden har svært låg arbeidsledighet.

Austrheim skil seg ut med høg arbeidsledighet – 5,0 %. Høgast i Hordaland og året totalt viser ein auke i arbeidsledigheten. Dei fleste andre kommunane har ein reduksjon i arbeidsledigheten i 2017.


Arbeidsstyrke og sysselsette



For å kunne få eit betre innsyn i kva som ligg bak desse tala har vi tatt med utviklinga av arbeidsstyrken og sysselsette.

Det er grunn til å rekne med at der er noko skjult arbeidsledighet. Det kan vere personar som studerer lenger enn det dei hadde tenkt i utgangspunktet eller at dei ikkje har meldt seg som arbeidsledige. Slik at den reelle arbeidsstyrken er noko høgare. **Det er gledeleg å sjå at der er en vekst i arbeidsstyrken (1,3%) og sysselsatte (2,5%) i Nordhordland i 2017.**

Osterøy og Meland har ein vekst både i sysselsatte og arbeidsstyrke. Lindås og Radøy har også ein vekst i sysselsatte. Gulen har ein stor reduksjon i sysselsette og i



arbeidsstyrken.

Det er grunn til å merke seg at landet totalt sett har ingen vekst i arbeidsstyrken og den går ned i Hordaland.